



Utval: Nærings- og utviklingsutvalet
Møtestad: Formannskapssalen, Sykkylven rådhus
Dato: 03.02.2010
Tid: 15:00 - 19:00

Faste medlemmer som møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Kåre Hunnes	Leiar	H
Dagfinn Fredly	Nestleiar	KRF
Caroline Tusvik	Medlem	KRF
Ivar Johansen	Medlem	AP
Johanne Lade	Medlem	AP
Unni Alstad	Medlem	SP
Aina Holmberg	Medlem	SP
John Kenneth Brenne	Medlem	V
Bjørn Idar Lyngvær	Medlem	FRP
Siv Aunaas	Medlem	FRP

Faste medlemmer som ikkje møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Margit Aure Overå	MEDL	H

Varamedlemmer som møtte:

Namn	Møtte for	Representerer
Arve Ekornes	Margit Aure Overå	H

Fra administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Ole Johan Lillestøl	Rådmann
Bjarte Hovland	Einingsleiar teknisk
Henrik Schmidt	Jordbrukssjef
Njell Hoftun	Samfunnsplanleggjar
Ingunn Hole Hunnes	Utvalssekretær

Sakliste

Saksnr	Sakstittel	Lukka
PS 11/10	Påpeiking av ulovleg byggetiltak - veg i Stavestranda	
PS 12/10	Kommunedelplan for utvida sentrumsområde - 2.gangs høyring	
PS 13/10	64/8 - Politisk sak om konsesjon	

I dette møtet vart det laga 2 dokument grunna stor saksmengde. Hefte 1 enneheld dokument og protokoll for sakene 1 - 2 - 3 - 4 - 5 - 6 - 7 - 8 - 9 - 10

Sakene vart behandla i slik rekkjefølgje: Sak 1 - 2 - 3 - 4 - 5 - 6 - 7 - 8 - 9 - 10 - 12 - 11 - 13

PS 11/10 Påpeiking av ulovleg byggetiltak - veg i Stavestranda

Saksprotokoll frå møtet i Nærings- og utviklingsutvalet - 03.02.2010

Behandlingsinformasjon:

Brev frå Visma Advokater AS dagsett 01.02.2010, svar frå Bjarte Hovland til Visma Advokater AS 01.02.2010 og kart over området vart lagt på bordet.

Utvalet drøfta saka.

Samrøystes vedtak: som framlegget frå rådmannen.

Vedtak:

Nærings- og utviklingsutvalet vil påpeike det uheldige i at veganlegget i 1994 ikkje vart byggemeldt og/eller tydleg vurdert etter reglane i plan- og bygningslova.

Utifrå omfang og medgått tid, samt ei vurdering av dei samla offentlege og allmenne interessene som ligg føre, ser utvalet i denne konkrete saka likevel ikkje grunnlag for vidare involvering.

PS 12/10 Kommunedelplan for utvida sentrumsområde - 2.gangs høyring

Saksprotokoll frå møtet i Nærings- og utviklingsutvalet - 03.02.2010

Behandlingsinformasjon:

Samfunnsplanleggjar Njell Hoftun orienterte, svara på spørsmål og viste kart på Power Point.

Nærings- og utviklingsutvalet uttrykte seg svært nøgde med Kommunedelplan for utvida sentrumsområde - 2.gongs høyring.

Utvalet la fram forslag om endra høyringsfrist til 12.april.

Samrøystes vedtak: som framlegget frå rådmannen med høyringsfrist til 12.april 2010

Vedtak:

Næring – og utviklingsutvalet vedtek å legge framlegg til kommunedelplan for utvida sentrumsområde 2009-2020 ut til 2.gongs høyring i perioden 8.februar til 12.april 2010.

PS 13/10 64/8 - Politisk sak om konsesjon

Saksprotokoll frå møtet i Nærings- og utviklingsutvalet - 03.02.2010

Behandlingsinformasjon:

Jordbrukssjef Henrik Schmidt orienterte.

Aina Holmberg la fram slikt forslag til vedtak:

Nærings- og utviklingsutvalet gir ikkje konsesjon til Sveiseverkstedet K.G. Karlsson AS for overtaking av gnr 64/8 i Sykkylven slik at eigedomen kan brukast til fritidsformål.

Ved avrøysting fekk Holmberg sitt forslag 2 røyster og fall, rådmannen sitt framlegg til vedtak fekk 9 røyster og vart vedteke.

Vedtak:

Nærings- og utviklingsutvalet(NU) viser til utgreiing og vurdering i saka.

Med heimel i konsesjonslova og med delegert mynde, gjev NU konsesjon til Sveiseverkstedet K.G. Karlsson AS for overtaking av gnr 64/8 i Sykkylven slik at eigedomen kan brukast til fritidsformål.

Arealbruken på eigedomen må også i framtida vere i samsvar med eksisterande bruk og gjeldande arealplan.

Det er vidare eit vilkår for konsesjonen at søkjaren deler frå den delen av tunteigen som ligg austafør sjølve tunet, jf skisse som er vedlagt saka, og sel denne vidare som tilleggsjord til gnr 64 bnr 7 i Sykkylven.

Kåre Hunnes, leiar

Ingunn Hole Hunnes, utvalssekretær